



Helge Brekke
Juvikstølen 32

5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/329 - 19/38976

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
20.12.2019

Spleiselag til gåve for unge idrettsutøvarar

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:
Helge Brekke

Juvikstølen 32 5916

ISDALSTØ

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
078/19	Formannskapet	PS	11.12.2019
074/19	Kommunestyret	PS	11.12.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	19/329

Spleiselag til gåve for unge idrettsutøvarar

Vedlegg :

Forespurnad om spleiselag
Vedlegg 1 pressemelding
Vedlegg 2_bakgrunn for boka
Vedlegg 3_omtale
Vedlegg 4_framsida og innleiing på boka

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Saka blir lagt fram til politisk diskusjon og avgjerd

Formannskapet - 078/19

FO - handsaming:

Framlegg frå N.Bognøy-AP og A.AA.Byrknes-KRF:

Formannskapet innvilger kjøp av 500 bøker til kr. 25 000, -handbok for unge idrettsutøvarar og trenarar. Midla vert tatt frå disposisjonsfondet.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (A.AA.Byrknes-KRF, O.-L.Mjøs-KRF, L.Sleire-KRF, S.Hauge-AP, N.Bognøy-AP og K.Vågstøl-H)

FO - innstilling:

Formannskapet innvilger kjøp av 500 bøker til kr. 25 000, -handbok for unge idrettsutøvarar og trenarar. Midla vert tatt frå disposisjonsfondet.

Kommunestyret - 074/19

KO - handsaming:

Framlegg frå B.Vatnøy-FRP:

Kommunestyret utsetter saka og bed om at den blir behandla administrativt og i idrettsråd, og at saka går til behandling i utval og kommunestyret i Alver.

Framlegget fekk 10 røystes og fall (FRP, A.Høgquist-H, V og SP)

Instillinga frå formannskapet vart vedteke med 21 røyster.

KO - vedtak:

Lindås kommune innvilger kjøp av 500 bøker til kr. 25 000, -handbok for unge idrettsutøvarar og trenarar. Midla vert tatt frå disposisjonsfondet.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Helge Brekke har sendt ein førespurnad til Lindås kommune om å delta i eit spleiselag, slik at flest mogleg unge idrettsutøvarar i Alver kommune kan få ei gratis handbok for unge idrettsutøvarar. Brekke er redaktør for handboka som er retta mot unge idrettsutøvarar. Boka inneheld 30 ulike tema og forfattarane av artiklane er blant dei aller beste i landet på sine fagfelt, i tillegg til at dei fleste har lang erfaring innan idretten. Boka er skriven til dei unge, men den kan også vere til nytte og hjelp for trenarar, tillitsvalde og foreldre/føresette.

Helge Brekke har laga boka med bakgrunn i erfaringar, opplevingar og problemstillingar han har møtt gjennom eit langt liv som aktiv idrettsutøvar, trenar og tillitsvald på klubb- og krets nivå. I tillegg har han vore rektor i mange år og har møtt den oppveksande slekt på mange arenaer og i mange ulike situasjonar.

Målet med boka er å

- vera til hjelp og inspirasjon i treningsarbeidet
- få fram kor viktig det er å leggja vekt på god lagånd, trivsel og tryggleik i laget/klubben
- få utøvarane og trenarar til å fokusera meir på meistring og mindre på resultat. Med meistring på stadig høgare nivå kjem og resultat. Tenk langsiktig.
- skapa livslang glede med idretten, uansett nivå og resultat.

Boka er eit «non-profit»-prosjekt. Overskotet skal gå til vanskelegstilte born og unge, mellom anna til kolibriftelsen i Brasil.

Brekke spør om Lindås kommune vil vere med på eit spleiselag for å kunne dele ut handboka gratis til unge idrettsutøvarar i Alver kommune/Lindås kommune. Det er skissert eit eige opplegg for Lindås med 1000 bøker til kr 45.000, men det er også skissert andre alternativ. Sjå vedlegg i saka.

Vurdering:

Rådmannen legg fram saka til politisk diskusjon og avgjerd.

.....